

Uskedalsprat mellom vafler og kaffi på sjømannskyrkja.

26.01.2018



God skilting gjorde at det var lett å finna fram

Tidlegare var sjømannskyrkjene rundt i verda kjærkomne samlingstader for sjøfolk i utanrikssfart. No er det store fleirtalet av gjester feriefolk, gjerne ferierande som bur i sydlegare strok i lengre periodar. Slik er det også ved sjømannskyrkja på Lanzarote som vi besøkte i dag, fredag.



Åge Bognø hadde god kjennskap til Uskedalen

Sjømannskyrkja på Lanzarote er ein populær møtestad, og vertskap Åge Bognø, tidlegare direktør i Stavanger bispedømmeråd, kunne fortelja at det i tillegg til nordmenn var mange besøkjande fra Tyskland, Danmark, Finland, Sverige og særleg Nederland. Bognø fortalte om dei ulike aktivitetane ved kyrkja og serverte oss vafler og kaffi. Vi hadde ikkje snakka lenge med han før vi hadde felles kjente. Soknepresten vår, Lina Håland, hadde nemleg vore i praksis hos han i studietida, og det var kjekt å kunne fortelja han om den positive utviklinga i kyrkjelyden etter at ho vart sokneprest. Vi fortalte og om det gode tilbodet med temakveldar og konserter. Godt kjende han også Reidar Ådnanes, som vi kjenner etter at han vart sokneprest i Husnes og Holmedal. Litt artig var det også at han og Frode Sæbø hadde felles bekjente sidan han kjente den pensjonerte presten Victor Meyer som er gift med kusina til Frode.

Men han hadde også kjennskap til Uskedalen av andre grunnar. Han hadde vore med far sin på oppdrag på hermetikkfabrikken i Beinavikjo nokre år før den brann. Faren jobba i hermetikkindustrien på Askøy som finmekanikar, og var leigt inn til Uskedalen for å vedlikehalda og justera inn stansemaskinar som ein laga hermetikkesker med. På eitt av desse oppdraga der dei arbeidde om natta, var Åge Bognø med faren.

Sjømannskyrkja på Lanzarote ligg i Puerto del Carmen, og for dei som bur i Matagorda-området kan vi opplysa om at det er ein fin spasertur på ca 8000 skritt langs den vakre strandpromenaden dit. Sjømannskyrkja ligg høgt og fint til med stor terrasse og flott utsikt. Vi helste også på det noverande presteparet Ingrid Schröder Berg(vertskap og organist) og Per Oscar Berg(sjømannsprest og dagleg leiar).



Helsar på presteparet Berg.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Frode Sæbø